

Samarbeidsavtale

mellom

Vaksdal kommune og Vaksdal idrettsråd

1. **Avtalepartar** er Vaksdal kommune v/ordfører og Vaksdal idrettsråd v/leiar
2. **Avtaleperiode:** Avtaleperioden følger kommunestyreperioden og skal fornyast etter fire år. Avtalen kan evaluerast etter to år og skal reviderast når ein av partane finn det nødvendig.
3. **Mål:** Samarbeidsavtalen skal vere med å:
 - fremje felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i
 - sikre god samordning og kommunikasjon mellom kommunen og idretten
 - klargjere viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar til samarbeidet
 - sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivitet

4. Idrettsrådet si rolle

4.1 Idrettsrådet er eit fellesorgan for all idrett i Vaksdal kommune som er organisert i Norges Idrettsforbund gjennom Hordaland Idrettskrins og underlagt NIF sine lover og vedtekter.

4.2 Vaksdal idrettsråd skal arbeide for best mogleg vilkår for idretten i kommunen og vere ein arena for samarbeid mellom laga og kommunale myndigheiter og mellom laga og idrettskrinsen. Idrettsrådet skal gjere prioriteringar på vegne av idrettslaga.

5. Samarbeidsrutinar, høyringsrett, medverknad

5.1 Alle saker av felles interesse for idretten *), skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet.

5.2 Idrettsrådet har rett til å ta del i planarbeidet i kommunen på alle område som vedkjem idretten sine interesser.

5.3 Saker som blir fremja til kommunen av idrettsrådet, skal formidlast til kommuneadministrasjonen v/rådmann

5.4 Rådmannen har ansvar for å hente inn uttale frå idrettsrådet i saker som vedkjem idretten i kommunen. Idrettsrådet skal få seg førelagt alle saker av felles interesse for idretten og gi uttale til desse.

5.5 Generell informasjon frå kommunen til idrettslaga blir sendt med kopi til idrettsrådet.

5.6 Partane har ei gjensidig informasjonsplikt i høve saker som vedkjem idretten i kommunen.

*) Dette inneber at eit enkelt idrettslag ikkje tek opp ei sak direkte med kommunen når saka har eller kan tenkjast å få konsekvensar for eitt eller fleire andre lag.

6. Faste rutinar mellom kommunen og idrettsrådet

6.1 Kommunen har dialog med idrettsrådet i framkant av arbeidet med kommunen sitt drifts- og investeringsbudsjett som vedkjem idrettsfeltet.

6.2 Idrettsrådet er høyringsinstans i samband med rullering av kommuneplanen og kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse.

6.3 Idrettsrådet gir uttale til søknader om spelemidler til anlegg

6.4 Idrettsrådet skal uttale seg om tildeling (evt. har innstillingsrett) av driftstilskot/kulturmidlar til idrettslaga.

7. Driftstilskot til idrettsrådet – rapportering

7.1 Kommunen løyver eit årleg tilskot til drift av idrettsrådet.

7.2 Idrettsrådet oversender kommunen årsmøteprotokoll, årsmelding og godkjent rekneskap etter årsmøtet. Rapportane er grunnlag for utbetaling av tilskot til idrettsrådet.

8. Andre samarbeidsområde- og informasjonsarenaer

8.1 Minst ein gang i året skal kommunen si politiske leiing møte idrettsrådet for å drøfte vilkår og utfordringar for idretten i kommunen.

8.2 Idrettsrådet inviterer kommunen til sitt årsmøte og andre felles møtearenaer for idrettslaga i kommunen.

8.3 Idrettsrådet får fritt bruke kommunale møterom til møte og kursverksemd

..... den / 2022

..... den / 2022

Vaksdal kommune

Vaksdal Idrettsråd